

# Program for **Tysvær Venstre**



**2011-2015**



**venstre**

[www.venstre.no/rogaland/tysvaer](http://www.venstre.no/rogaland/tysvaer)

# Aktivt folkestyre - kommunal service

**Venstre vil et ha eit sosialt og liberalt samfunn der alle har fridom og høve til å skape sin eigen veg til det gode liv, og der vi alle tar ansvar for kvarandre og for miljøet**

**Venstre er eit parti heilt uavhengig av interesseorganisasjonar og interessegrupper**

**Venstre vil prioritere trygge og gode lokal-samfunn**

**Menneske er viktigare enn systemet.**

**Venstre prioritærer folk først**



Torunn Vestbø Gjerde

Kommuneplanen skal brukast aktivt som verktøy for vidare utvikling av kommunen

Politiske møter skal vere opne for alle

Det skal arrangerast opne høyringar og haldast folkeavstemming i særskilt viktige saker

Verv i nemnder og utval skal fordelast på flest mogleg

Det skal etablerast eit eige Ungdomsråd

Det skal leggast til rette for overføring av debattar og avstemmingar i kommunestyret via internett

Alle som henvender seg til kommunen skal få ei grundig og rask behandling av si sak

Kommunen skal framstå som ein organisasjon med høge etiske verdiar

Styrke rolla som samfunnsaktør gjennom rolla som Fairtradekommune

# Eit klimavennlig samfunn

Kommunen skal utarbeide ein forpliktande klimaplan

Kommunen skal vere ein aktiv pådrivar for ein miljøvennleg, god og teneleg kollektivtrafikk på heile Haugalandet

Dyrka mark skal vernast og kulturlandskapet, lokal byggeskikk og verdifulle kulturminne skal tas vare på

Arbeide for å sikre tilstrekkeleg friareal og leikeplassar i alle bustadområde, og legge til rette for gang-, sykkel og turstiar som kan nyttast av alle

Legge til rette for aktiv bruk av naturen som ein helsebringande faktor


Etablere miljøpatrulje som fast ordning og sikre ei god ordning for søppelhåndtering ved etablering av ein bemanna søppelstasjon

Vere pådrivar for rydding av skog langs vegane i kommunen i nært samarbeid med lag og organisasjoner

Kommunen skal vere ein pådrivar for rensing av utslepp frå anlegga på Kårstø



Leif Gunnar Søvik



Elisabeth Ness



# Barn og unge

Kjenneteiknet på gode oppvekstvilkår i Tysvær er trivsel, kunnskap, tryggleik og sosial kompetanse.

Det skal satsast på førebygging gjennom eit godt, samordna og tverrfagleg tenestetilbod

Barnehagen og skulen skal vere ein arena heilt fri for mobbing

Tilboden til elevar som har behov for tilrettelagt undervisning skal prioriterast

Fortsette og vidareutvikle samarbeidet mellom barnehage og skule i læringsfremjande aktivitetar innanfor til dømes lesing og matematikk

Etablere eit forpliktande samarbeid mellom ungdomsskulen og vidaregåande skule


Det skal vere trygge skulevegar for alle. På strekningar utan gang – og sykkelsti skal dei alle dei yngste elevane ha tilbod om gratis skyss i vintermånadane

Sikre bygging av ny skule på Troppene i Tysvær våg

Sikre fortsatt drift og nytenking på Tveit vidaregåande skule



Narve Susort



Gunnar Egge



# Sosialt ansvar

Alle som treng hjelp skal få den hjelpa dei har krav på

Kommunen skal ha auka fokus på førebygging og helsefremmande arbeid

Kommunen skal legge til rette for at sjuke og eldre får naudsynt hjelp, og dei som ynskjer det skal kunne bu heime lengst mogleg


Det skal vere tilstrekkeleg plass i institusjonane

Det skal leggast til rette for at unge i etableringsfasen skal få høve til å etablere seg i eigen bustad ved m.a. aktiv bruk av Husbanken sine økonomiske verkemiddel

I samarbeid med NAV og det private næringsliv skal kommunen legge til rette for eit godt sys-selsettingstilbod for alle

Kommunen skal ha ein open haldning til mot-tak av flyktningar og legge forholda godt til rette for integrering gjennom arbeid og aktiv samhandling i lokalmiljøet

Kommunen skal aktivt samhandle med, og støtte opp om lag og organisasjonar som driv helsefremmande arbeid




Inger Baustad

Kommunen skal føre ein ansvarleg alkoholpoli-tikk

Kommunen skal gi god hjelp til personar med rusproblem

Styrke tilbodet ved Tysvær Vepro og etablere ei-gen avdeling i Nedstrand

Tilsetje folkehelsekoordinator i fast stilling



# Kultur

Kommunen skal støtte opp om lag og organisasjoner som driv barne- og ungdomsarbeid

Oppretthalde den kommunale fritidsklubben og prioritere rusfrie arrangement for ungdom

Kapasiteten ved eksisterande idrettsanlegg må betrast i nært samarbeid med idrettslag

Oppretthalde ein god bibliotekneste og vidareutvikle samarbeidet mellom bibliotek og skule

"Strandstaden på Nedstrand" skal realiseraast

Fokus på Tysvær kommune som utvandrarkommunen gjennom m.a. vidareutvikling av "Utvandrarleirskulen på Sandbekken" og "Reisen til Amerika"

Leggje forholda til rette for auka bruk av Tysværnaturen som opplevelse og rekreasjon


Kunst- og kulturskulen skal prioriterast, og det skal vere eit bredt tilbod der alle som søker skal få eit tilbod

Auka støtte til organisasjonstilsette i dei største klubbane

Etablere ei communal samordning slik at mindre klubbar kan få hjelpe til administrative oppgåver



*Karina Ness Helle*



*Vidar Aarhus*



# Næringsliv Arbeidsgjevaransvar

## Næringsliv / kommunale tilskott

Ha fokus på Haugalandet som ein felles bu- og arbeidsmarknad

Støtte opp om, og legge til rette for etablering av næringsverksemnd i alle deler av kommunen

Ha sterkt fokus på etablering av småbedrifter

Stimulere til satsing på Tysvær som turistkommune, med fokus på natur- og kulturopplevelsingar

Avkastninga av næringsfondet skal brukast aktivt som middel for nytenking og styrking av eit variert næringsliv i kommunen

Opprethalde tilskott til grøfting, nydyrkning og skogsvegar og auke ramma til vedlikehald av private vegar



Trygve Egge



Kjetil Alvheim


## Tysvær kommune som arbeidsgjevar

Kommunestyret skal ha eit sterkt fokus på rolla som arbeidsgjevar

Tysvær kommune skal vere ein arbeidsplass som rekrutterer og beheld dyktige medarbeidarar

Tysvær kommune skal vere konkuransedyktig med omsyn til personleg utvikling, etter- og vidareutdanning og eit sterkt fokus på det psykososiale arbeidsmiljø

Etablere 12 nye lærlingepllassar i kommunal regi



# Våre kandidater



**Torunn Vestbø Gjerde** ( 41 )

Tysværvåg

**Leif Gunnar Søvik** ( 44 )  
Grinde



Tysvær Venstre  
har prioritert  
Torunn Vestbø Gjerde  
og Leif Gunnar Søvik  
på dei fyrtne plassene  
på lista. Velgarane blir  
oppfordra til aktivt å  
bruke stemmeseddelen  
og prioritere dei andre  
kandidatane.

**Torunn Vestbø Gjerde** Tysværvåg

**Leif Gunnar Søvik** Grinde

|                      |               |
|----------------------|---------------|
| Ali Alidani          | Frakkagjerd   |
| Kjetil Alvheim       | Frakkagjerd   |
| Inger Baustad        | Nedstrand     |
| Gunnar Egge          | Heskjadalen   |
| Trygve Egge          | Heskjadalen   |
| Sjur S Eikje         | Eikje         |
| Line Eskevik         | Nedstrand     |
| Ole Johnny Espenvold | Falkeid       |
| Nina Hagelberg       | Nedstrand     |
| Jakob Helle          | Nedstrand     |
| Karina Ness Helle    | Nedstrand     |
| Gunnar Kismul        | Gismarvik     |
| Helga Milje          | Grinde        |
| Elisabeth Ness       | Nedstrand     |
| Einar Stenland       | Odland        |
| Narve Susort         | Tysværvåg     |
| Alf Harry Øygarden   | Førdesfjorden |
| Vidar Aarhus         | Odland        |



venstre

[www.venstre.no](http://www.venstre.no)